



21.12.2011

PROTOKOLL

Møte i **PROGRAMUTVALET FOR LÆRARUTDANNINGA** torsdag 15. desember 2011, kl. 12.15-14.00, seminarrom 217, HF-bygget.

Til stades:	Leiar	Anne-Brit Fenner
	IF	Tor Jan Ropeid
	AHKR	Christian Sæle
	LLE	Heming Gujord
	Frå administrasjonen	Silje Anette Lindgren (sekretær)
Ikkje møtt:	Visedekan for undervisning	Jan Oldervoll (observatør)
	Studentrepresentant, IL	Randi Ødegård
	Frå administrasjonen	Hilde Hjertager Lund (observatør)

I	Godkjenning av innkalling og sakliste
	Éi orienteringssaker blei lagt til: Orienteringssak 12: Innspel frå LU-MN til Rammeplanutvalet
II	Godkjenning av protokoll frå møtet 14.11.11
	Protokollen blei godkjent utan merknader.
III	Orienteringssaker
	1. Møte i Programstyret 13. desember 2011 Silje Anette Lindgren orienterte. Følgjande saker frå møtet 13. desember 2011 var av interesse for PUHF: Orienteringssak 8 Konferanse om ny rammeplan 14.2 14. februar 2012 blir det arrangert ein konferanse om ny nasjonal rammeplan for integrert lektorutdanning, adjunktutdanning og PPU på Gardermoen. S32/11 Opptak til PPU en gang per år Ein ønskjer å undersøkje moglegheita for opptak til PPU éin gong i året, og programutvala/lærarutdanningsutvala ved fakulteta vil bli bedne om å kome med skriftlege innspel til forslaget før møtet i Programstyret i februar. S33/11 Opprettelse av deltidsstudium på PPU Ein vil setje ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på moglegheita for å opprette eit deltidsstudium på PPU. Bakgrunnen er blant anna nedgang i søkjartal til PPU. S35/11 Misnøye blant studenter på HF – brev fra PUHF Programstyret mottok 28. november 2011 eit brev frå PUHF som gjaldt vedtak gjort i S28/11 Klagebrev fra studenter og innslag på student-TV vedrørende misnøye og problemer på lektorutdanningen på HF

(programstyremøtet 24. oktober 2011). PUHF bad i brevet om at Programstyret måtte fatte eit nytt vedtak i saka. Følgjande vedtak blei fatta av Programstyret i møtet 13. desember 2011, mot éi stemme:

Programstyret kan ikke se at det er nye opplysninger i saken som skulle danne grunnlag omgjøring av vedtaket eller ny behandling i saken. Det understrekes imidlertid at Programstyret sin rolle i lærerutdanningen er *rådgivende*, og at vedtak som fattes dermed ikke kan eller ment som krav til fakultetene, men som en anbefaling om videre oppfølging. Hva representasjon og ressursmangel ved Det humanistiske fakultet angår, anser programstyret dette som et internt anliggende ved Det humanistiske fakultet og ikke programstyrets ansvar.

2. Møte i arrangementskomiteen for årleg lærerutdanningskonferanse ved UiB 14. november 2011

Silje Anette Lindgren orienterte.

Den årlege lærerutdanningskonferansen ved UiB vil i 2012 bli arrangert 15. og 16. mars på Solstrand. Tema for konferansen er ny nasjonal rammeplan (15. mars) og praksis (16. mars).

3. Møte om felles metodekurs på VID-MAUNOR, VID-MAUENG og VID-MAUMAT 22. november 2011

Anne-Brit Fenner orienterte.

Timeplan og pensumliste for det felles metodekurset, METMAU660, på VID-MAUNOR, VID-MAUENG og VID-MAUMAT er no klart. ENGMAU651 og NORMAU651 (Profesjon, refleksjon og erfaringsdeling) blir inkluderte i metodekurset gjennom seminar som er knytte til samlingane på METMAU660.

4. Møte i opptakskomiteen for PPU 9. desember 2011

Christian Sæle orienterte.

Søkjartalet til PPU våren 2012 er under maksimalt av kva ein kan ta opp. Det var 33 søkjarar ved HF, og desse fordelte seg som følgjer:

Norsk: 6

Norsk som andrespråk:1

Engelsk: 11

Historie: 9

Spansk: 6

Alle søkjarane får tilbod om studieplass.

5. Møte om ny modell for integrert lektorutdanning ved HF 16. november 2011

Anne-Brit Fenner og Heming Gujord orienterte.

Fagdidaktikarar og fagkoordinatorar ved HF var av visedekan Jan Oldervoll inviterte til møte 16. november 2011, for å diskutere ny modell for integrert lektorutdanning ved HF. I møtet blei det særleg lagt vekt på at ei eventuell omlegging av den integrerte lektorutdanninga og planlegginga av ei slik omlegging bør setjast på vent til ny nasjonal rammeplan for lektorutdanning, adjunktutdanning og PPU er vedteke.

6. Partnerskuleseminar på Voss 1. og 2. desember

Heming Gujord og Silje Anette Lindgren orienterte.

1. og 2. desember 2011 arrangerte Praksisutvalet ved UiB Partnerskuleseminar på Voss. Kari Smith innleidde dag 1 med eit innlegg om viktige faktorar i utviklinga av partnerskap mellom skulane og UiB, og dessutan viktige faktorar i forhold til profesjonell utvikling. Ove Helgesen (skulerep.) og Maren Larsen (PPU-student) heldt kvart sitt innlegg om praksis i skulen. Vidare diskuterte ein gruppevis problemstillingar knytte til praksis: Korleis kan ein utvikle praksis av høg kvalitet? Kva fungerer godt i dag, kva kan bli betre? Rolla til koordinatoren på skulane blei òg presentert ved Inger Lise Sleire, koordinator Sotra vidaregåande skule, og ein diskuterte skuleerfaringa på integrert lektor- og adjunktutdanning.

Fagdidaktikk var tema for dag 2, og det blei då arrangert tre parallellsesjonar, realistsamarbeidet, samfunnsfag, språkfag, der fokuset var samanhangen mellom undervisninga i fagdidaktikk ved UiB og rettleiinga i praksis. Språklærarane gav uttrykk for at det ofte er meir allmenn pedagogiske problemstillingar som blir tekne opp i rettleiing med studentane, medan fagdidaktiske spørsmål i større grad er aktuelle i forkant av og i etterkant av undervisning. Det blei òg tydeleg kor viktig det er at skulane får informasjon om studieløpet til studentar på integrert lektorutdanning (praksis og førelesingar samtidig).

7. Brev frå Programstyret til leiinga ved UiB om arbeidet med ny rammeplan og oppnemning av nytt programstyre

Anne-Brit Fenner orienterte.

Programstyret har sendt eit brev til leiinga ved UiB, der ein orienterer om arbeidet med ny nasjonal rammeplan for integrert lektorutdanning, adjunktutdanning og PPU. Programstyret peikar i brevet òg på at det må veljast nytt programstyre frå hausten 2012, og at det er dette programstyret som vil få i oppgåve å innføre ny nasjonal rammeplan.

8. Brev frå PUHF til Det psykologiske fakultet og Programstyret, knytt til S11/31 (møte i PUHF 14.11.2011)

Anne-Brit Fenner orienterte.

PUHF vedtok i møte 14. november 2011 å sende eit brev til Det psykologiske fakultet og Programstyret, der Programstyret blir bedt om å fatte nytt vedtak i S28/11 Klagebrev fra studenter og innslag på student-TV vedrørende mishøye og problemer på lektorutdanningen på HF. Brevet frå PUHF blei sendt til Det psykologiske fakultet og Programstyret 28.11.2011.

Bakgrunnen for vedtaket i S11/31, er i første omgang at vedtaket gjort i Programstyret (S28/11) pålegg fagdidaktikarane ved HF ekstra møte på skulane i forkant av praksis, utan at det har vore drøfta med PUHF. Programstyret har ikkje mynde til å stille krav til fakulteta, men har ei rådgivande rolle. Vedtaket gjort i Programstyret (S28/11) er likevel formulert som eit pålegg. Fordi vedtaket blei formidla vidare i svarbrevet frå Det psykologiske fakultet og Programstyret til Fagutvalet for integrert lektor- og adjunktutdanning, meiner PUHF at HF vil kome uheldig ut når ein ikkje klarer å gjennomføre møta i forkant av praksis på grunn av ressursituasjonen.

Jf. Orienteringssak 1 ovafor, vedtok Programstyret i møte 13. desember 2011 å behalde vedtaket i S28/11 (S35/11). PUHF tek vedtaket i S35/11 til

	<p>etterretning, men oppmodar Det humanistiske fakultet om å sjå nærare på saka.</p> <p>9. Høyringsfråsegn frå HF om “skikkethet” i lærarutdanninga Anne-Brit Fenner orienterte. Det humanistiske fakultet støttar rapporten om rutinar for “skikkethetsvurdering” som er utarbeidd ved Det psykologiske fakultet, men ber om at kommentarane frå IPED blir inkluderte. Høyringsfråsegna er basert på behandlinga av rapporten i PUHF (Orienteringssak 10 i møte 15.september 2011 og S11/32).</p> <p>10. Dimensjonering av opptak til PPU hausten 2012 - våren 2014 Anne-Brit Fenner orienterte. Dimensjoneringa av opptak til PPU for 2012/2013, og dessutan ei tentativ dimensjonering for opptaksåret 2013/2014, blei sendt til Det psykologiske fakultet 17.11.2011.</p> <p>11. Lærarutdanningskonferanse i regi av Utdanningsforbundet 23. januar 2012 i Oslo Anne-Brit Fenner orienterte. Utdanningsforbundet arrangerer 23. januar 2012 den årlege lærarutdanningskonferansen sin i Oslo. Frist for påmelding er 21. desember 2011. Anne-Brit Fenner vil melde seg på.</p> <p>12. Innspel frå LU-MN til Rammeplanutvalet Anne-Brit Fenner orienterte. LU-MN har på bakgrunn av referat frå møte i Rammeplanutvalet, UHR-rapporten og innlegg halde av leiar for Rammeplanutvalet, Hans-Kristian Hernes, kome med innspel til Rammeplanutvalet for integrert lektorutdanning, adjunktutdanning og PPU. PUHF synest det bra at LU-MN har uttalt seg i forhold til ny nasjonal rammeplan, og støttar også innspela.</p>
IV	Saker
<u>S11/36</u>	<p>Endring av studieplanen for MAHF-ENG</p> <p>Vedtak: PUHF ønskjer at ENG310 skal kunne gå inn i masterdelen av MAHF-LÆFR.</p>
<u>S11/37</u>	<p>Semesterrapport frå PUHF våren 2011</p> <p>Tidlegare leiar for PUHF, Heming Gujord, orsakar at utkast til semesterrapport for PUHF våren 2011 ikkje har lege føre tidlegare. Forslaget til semesterrapport byggjer på innspel som kom på møte i PUHF 9. juni 2011 (S11/19) og på tidlegare rapportar.</p> <p>PUHF hadde éin merknad til forslaget til semesterrapport for våren 2011: På s. 7 i rapporten står det at fakultet vedtok å leggje ned Lærarutdanningsutvalet ved HF (LUHF) hausten 2010. Dette stemmer ikkje. Siste møte i LUHF blei halde i januar 2010, men vedtaket om å leggje ned LUHF blei fatta av Fakultetsstyret i møte 22. februar 2011 (S13/11).</p> <p>Administrativ koordinator, Silje Anette Lindgren, vil endre forslaget til semesterrapport i tråd med merknaden ovafor.</p>

<u>S11/38</u>	<p>Årsrapport frå programsensor for MAHF-LÆFR og MAHF-LÆNO</p> <p>Vedtak: PUHF er godt fornøgde med årsrapporten for MAHF-LÆFR og MAHF-LÆNO frå programsensor Andreas Lund, men har følgjande forslag til endringar (merkte med feit skrift):</p> <p>1. Første avsnitt på s. 5 (her er det oppgitt feile datoar) Høsten 2010 ble HFs visedekan oppnevnt av fakultetet som representant i UiBs Programstyre, og representanten er dermed ikke fra LUHF. Våren 2011 ble Lærerutdanningsutvalget ved HF nedlagt. Det er ut fra tilgjengelig [...].</p> <p>2. Femte avsnitt på s. 5 Frafall/mobilitet inntreffer særlig mellom 2. og 3. semester [...].</p> <p>3. Andre avsnitt på s. 7 Ivaretas en forbindelse mellom opplæring på UiB og opplæring [...].</p>
<u>S11/39</u>	<p>Møteplan for våren 2012</p> <p>Vedtak: Ein vil prøve å halde første møte i PUHF for våren 2012 i veke 2. Møteplan for vårsemester vil bli vedteke på dette møtet.</p>
V	<p>EVENTUELT Det var ingen saker under eventuelt.</p>
	Anne-Brit Fenner
	Silje Anette Lindgren